



**Statens vegvesen**

AUSTRHEIM KOMMUNE

- 5 FEB. 2010

Saksnr.: 09/1236	Saksh.: BHB
Løpenr.: 740-2	Ark.: 128/111
Merkn.	

Vidar Mjøs  
Fabrikkgaten 7b  
5059 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta B. Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2010/007148-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
03.02.2010

## **Førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkjørsle.**

Vi syner til Dykkar søknad dagsett 17. desember 2009.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast midlertidig bruksløyve til anleggsavkjørsle under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv. 57 hp 5 ved km 11,245/gnr. 127 bnr. 111 i Austrheim kommune.

Vi gjer Dykk merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje Dykkar rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkjørsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje byggjeløyve før endeleg godkjent avkjørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 66.
2. Avkjørsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og Vegdirektoratet sine regler om avkjørsler.
3. Avkjørsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkjørsle.
4. Krav til frisikt 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 115 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkjørsla må vere minimum 115. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkjørsla og fv. 57 må fjernast. For denne avkjørsla må sikta ordnast i begge retningar. Retning Leirvåg må det fjernast vegetasjon. Retning Kaland må fjell og steinmassar fjernast.
5. Svingradius skal vere 9 meter (diameter 18 meter).

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5845 BERGEN


Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52


6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert midlertidig bruksløyve gjeve av Statens vegvesen. Samtidig vil det bli gjeve midlertidig dispensasjon frå byggjegrænse for brakkerigg. Midlertidig bruksløyve og dispensasjon vil ha ei tidsutstrekning på maksimalt to år. Dersom det vert vedtatt ein reguleringsplan over området må ein forholde seg til den og avkjørsla må då opparbeidast i samsvar med planen. Ta kontakt med distriktskontoret dersom det er spørsmål i samband med opparbeidinga og for endeleg godkjenning av avkøyrsla.

Vedtaket kan påklagast jf. vedlagt "Melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak".


Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

  
Odd Høydalsvik  
senioringeniør

  
Anne Marta B. Espelund

3 vedlegg

Kopi: Odd Haugen Maskinstasjon AS, Trollåsen, 5943 Austrheim  
Austrheim kommune, 5943 Austrheim



Leirvåg, Austrheim kommune
Fv. 57 hp 5 km 11,245, gnr. 127 bnr. 111
Saksnr.: 2010/007148-002
03.02.2010
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen



Frisikt: 115 m

R=9m

3m


R=9m

Frisikt: 115 m



Leirvåg, Austrheim kommune
Fv. 57 hp 5 km 11,245, gnr. 127 bnr. 111
Saksnr.: 2010/007148-002
03.02.2010
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen


# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv: 57 Hp: 5 Km pel: 11,245 Stad: Leirvågkrysset Saksnr: 2010/007148-002